

Bjarne Foss
Seimsstranda 197
5912 Seim

| | |
|------------------------|--------------|
| LINDAS KOMMUNE | |
| Klassering | |
| 04. 08. 2014 | |
| Art. saknr. 14/2352 | Saksnr. |
| Sakst. LITHE | Tilgjengelig |

28.07.2014
Tlf. 91787326

Kjære kommunestyremedlem!

Vedlagt følger kopi av brev frå 01.07.2014 som eg har mottatt frå ordføraren og kopi av mitt svarbrev frå 08.07.2014.

Eg reknar ikkje med å få noko svar frå ordføraren. Eit av Lindås kommune sine våpen er å ikkje svare på mine brev eller det blir gitt eit **Goddag mann! Økseskaft!**-svar eller det vert framsett direkte usanne opplysningar. Og dette har ikkje endra seg. Så seint som 25.03. d.å. får eg eit slikt svar frå ordføraren.

03.06.02 mottok Lindås kommune søknad frå Reklamehuset om RAMMETILLATELSE. 17.06.02 vart søknaden behandla av Lindås kommune. Søknaden vart godkjent, men kommunen endra denne frå RAMMETILLATELSE til BYGGJESAK – NÆRINGSBYGG og gav direkte byggeløyve. Samtidig godkjende kommunen 46 parkeringsplassar, 8 av plassane er plassert på Foss sin eigedom og 14 plassar er plassert i Reklamehuset sin veg. Det var denne plasseringa av parkeringsplassar eg ville ha ei forklaring på. Her er svaret frå ordførar May Eva Sandvik datert 25.03.2014:

Svar på førespurnad om forståing av byggeløyve i FO sak 007/03, den 16.01.03.
Eg takkar for din førespurnad av 07.03.14, der du legg ved eit kart som var påført teikningar.

Eg oppfattar at førespurnaden din rører ved private interesser som gjeld tilkomst til Gbnr. 188/633. Som følgje av dette ber eg deg rette førespurnaden til grunneigaren som har tilkomstretten.

Dette svarbrevet vil bli referert til formannskapet.

Då eg ikkje har fått nokon korrigering, må eg tru at formannskapet syntes dette var eit godt svar/forklaring. Eg legg ved breva og kart.
Eg set eit stort spørsmålstejn ved oppfatningsevna til ordførar og formannskap.

Reklamehuset sette i gong bygging etter at løyve var gjeve. Bygget skulle plasserast heilt i grensa til eigedomen til Statens vegvesen. Det kom protest frå vegvesenet. Reklamehuset søkte då kommunen om å få dispensasjon til å bygge i grenselina. Administrasjonen avslo søknaden med denne grunngjevinga:

Administrasjonen antek at det ikkje ville bli politisk akseptert å gje dispensasjon frå kravet om avstand til grensa frå Statens vegvesen.

16.09.2002 blei Foss heilt tilfeldig merksam på at plasseringa av bygget ikkje var i samsvar med teikningane ein var blitt førelagt i samband med nabovarselet. Mesteparten av bygget var flytta 5 meter mot Foss slik at avstanden til grensa var ned mot 1,50 meter. Det vart sendt klage same dag. Klagen er enno ikkje behandla.

Nå skulle det vise seg at utan at Foss har fått nabovarsel eller melding er bygget og plassering blitt endra. I brev frå 24.09.2002 skriv bygningssjefen m.a.:

Nye, reviderte teikningar og ny plassering av bygget, vart godkjent av bygningssjefen den 06.09.2002. Dette ut frå den informasjon m a parkeringsavtale med Foss Eiendom AS, som vart lagt fram for sakshandsamar i samband med bygget sin plassering måtte justerast (for nær nabogrense). Bygningssjefen så ikkje at det var naudsynt å informera Foss Eiendom AS ut frå at dei var kjend med og hadde gjeve tilslutning til flyttinga i flg ansv. SØK.

Dersom Foss Eiendom AS ikkje er nøgd med utbyggjar si framferd, ber bygningssjefen om at dette vert teke direkte opp med vedkommande. Byggesaksavdelinga kan ikkje og vil ikkje, blanda seg inn i kva for rettar som den einskilde part har/har ikkje.

Her viser bygningssjefen til ein parkeringsavtale som er lagt fram. Foss har ikkje nokon parkeringsavtale med Reklamehuset. Ut frå det kan det ikkje vere sant det bygningssjefen hevdar. Vidare påstår han at Foss var kjent med og hadde gitt tilslutning til flyttinga! Kva er grunnlaget for å komme med ein slik påstand?

Dette er berre eit døme på korleis bygningssjefen behandlar Foss. Eg kunne vise til mange andre eksempel der bygningssjefen m. a. bygger på kva han trur, kva han antek og kva han har høyrte.

Eit eksempel på å bruke pressa til å komme med urette opplysningar for å rettferdiggjere kommunens handlingar, er eit intervju Lars Johan Haukås har med avisa Strilen 10. mars 2007 under overskrifta:

Håpar på ei løysing

Når han vert konfrontert med påstandane og vert beden om dokumentasjon, svarar rådmannen med ei felles løgn:

Dei punkta De tek opp i brevet har kommunen under handsaming av søknaden om oppføring av næringsbygg på eigedomen dykkar omtala tidlegare.

Eit av svara bygningssjefen gav i intervjuet var at han hadde inntrykk av at gjerdesaka var i ferd med å løyse seg. I grunngjevinga til utvalet for den lange saksbehandlingstida skriv bygningssjefen 21.02.2007 følgjande:

Grunna sjukdom og stort arbeidspress har diverre saka hatt lang saksbehandlingstid, noko administrasjonen seier oss lei for.

Slik motstridande grunngjeving går igjen i mange av sakene til Foss.

Etter oppdrag frå Lindås kommune hadde advokatfirmaet Deloitte ein gjennomgang av tre byggesaker for Reklamehuset og ei for Foss. Ved gjennomgang av byggesakene i kommunetyret gjekk Øystein Moldekleiv på talarstolen og sa at han ikkje "forsto ein dritt". Det var ærleg sagt og måtte oppfattast som ein kraftig kritikk til administrasjonen.

Dette at sakene er kompliserte og vanskelege til å forstå går stadig igjen når eg snakkar med politikarar. Det er klårt at det vert komplisert og vanskeleg å forstå når ein les den meldinga ordførar og Tor Hegle la fram på formannskapsmøtet 23.05.2013. Sjølv eg som kjenner alle sakene på fingrane har store problem med det. Alle i formannskapet fekk utdelt meldinga. Eg sender derfor kopi til dei som ikkje har fått den.

Som kommunestyrerepresentant har du eit moralsk ansvar for at dei saker som vert lagt fram og skal voterast over, skal du forstå. Er det noko som er uklårt må

du få dette avklåra med saksbehandlar. Du kan ikkje skjule deg bak at du ikkje forstår saka og dermed stemmer for det framlegget til vedtak som er framsett.

I brevet til ordføraren og i dette har eg sett fram sterke skuldingar mot Lindås kommune. Både du som kommunestyremedlem og ditt parti bør ha interesse av å få dokumentert om skuldingane er reelle. Dersom du eller ditt parti er interessert i det er det er berre å ringe tlf. 91787326. Om eg av helsemessige grunnar ikkje er i stand til å kunne svare, vil du få svar av andre som kjenner sakene.

I år etter år har eg jobba med å finne ei minneleg løysing og ordføraren har gitt inntrykk av at også kommunen ville det. No viser det seg at det einaste kommunen er interessert i er å trenera sakene. No har kommunen slått døra igjen og eg må berre beklage at eg har late meg lure. Med så mykje grums som det er i disse sakene er nok ei rettsleg avgjerd den beste. Problemet er at slike saker tek tid og det er vel små utsikter til at eg får oppleve noko resultat.

Med helsing



Bjarne Foss.

Vedlegg: Kopi av

Brev frå ordføraren frå 01.07.14

Brev frå Foss til ordføraren 08.07.14

Avisreferat frå Strilen 18. mai 2013. Uttalelser frå Ordførar

Brev frå Foss til Lindås formannskap 07.03.14 vedk. park.plassar

Utdrag frå saksnr. 234/02

Brev frå ordførar May Eva Sandvik 25.03.14 vedk. park.plassar

Håpar på ei løysing 10. mars 2007 (3 bilag)

Melding frå Administrasjonen til Formannskapet 23. mai 2013.

Bjarne Foss
Seimsstranda 197
5912 Seim

28.07.2014
Tlf. 91787326

Kjære kommunestyremedlem!

Vedlagt følger kopi av brev frå 01.07.2014 som eg har mottatt frå ordføraren og kopi av mitt svarbrev frå 08.07.2014.

Eg reknar ikkje med å få noko svar frå ordføraren. Eit av Lindås kommune sine våpen er å ikkje svare på mine brev eller det blir gitt eit **Goddag mann! Økseskaft!**-svar eller det vert framsett direkte usanne opplysningar. Og dette har ikkje endra seg. Så seint som 25.03. d.å. får eg eit slikt svar frå ordføraren.

03.06.02 mottok Lindås kommune søknad frå Reklamehuset om RAMMETILLATELSE. 17.06.02 vart søknaden behandla av Lindås kommune. Søknaden vart godkjent, men kommunen endra denne frå RAMMETILLATELSE til BYGGJESAK – NÆRINGSBYGG og gav direkte byggeløyve. Samtidig godkjende kommunen 46 parkeringsplassar, 8 av plassane er plassert på Foss sin eigedom og 14 plassar er plassert i Reklamehuset sin veg. Det var denne plasseringa av parkeringsplassar eg ville ha ei forklaring på. Her er svaret frå ordførar May Eva Sandvik datert 25.03.2014:

Svar på førespurnad om forståing av byggeløyve i FO sak 007/03, den 16.01.03. Eg takkar for din førespurnad av 07.03.14, der du legg ved eit kart som var påført teikningar.

Eg oppfattar at førespurnaden din rører ved private interesser som gjeld tilkomst til Gbnr. 188/633. Som følgje av dette ber eg deg rette førespurnaden til grunneigaren som har tilkomstretten.

Dette svarbrevet vil bli referert til formannskapet.

Då eg ikkje har fått nokon korrigerings, må eg tru at formannskapet syntes dette var eit godt svar/forklaring. Eg legg ved breva og kart. Eg set eit stort spørsmålstejn ved oppfatningsevna til ordførar og formannskap.

Reklamehuset sette i gong bygging etter at løyve var gjeve. Bygget skulle plasserast heilt i grensa til eigedomen til Statens vegvesen. Det kom protest frå vegvesenet. Reklamehuset søkte då kommunen om å få dispensasjon til å bygge i grenselina. Administrasjonen av slo søknaden med denne grunngjevinga:

Administrasjonen antek at det ikkje ville bli politisk akseptert å gje dispensasjon frå kravet om avstand til grensa frå Statens vegvesen.

16.09.2002 blei Foss heilt tilfeldig merksam på at plasseringa av bygget ikkje var i samsvar med teikningane ein var blitt førelagt i samband med nabovarselet. Mesteparten av bygget var flytta 5 meter mot Foss slik at avstanden til grensa var ned mot 1,50 meter. Det vart sendt klage same dag. Klagen er enno ikkje behandla.

Nå skulle det vise seg at utan at Foss har fått nabovarsel eller melding er bygget og plassering blitt endra. I brev frå 24.09.2002 skriv bygnings sjefen m.a.:

Nye, reviderte teikningar og ny plassering av bygget, vart godkjent av bygnings sjefen den 06.09.2002. Dette ut frå den informasjon m a parkeringsavtale med Foss Eiendom AS, som vart lagt fram for sakshandsamar i samband med bygget sin plassering måtte justerast (for nær nabogrense). Bygnings sjefen så ikkje at det var naudsynt å informera Foss Eiendom AS ut frå at dei var kjend med og hadde gjeve tilslutning til flyttinga i flg ansv. SØK.

Dersom Foss Eiendom AS ikkje er nøgd med utbyggjar si framferd, ber bygnings sjefen om at dette vert teke direkte opp med vedkommande. Byggesaksavdelinga kan ikkje og vil ikkje, blanda seg inn i kva for rettar som den einskilde part har/har ikkje.

Her viser bygnings sjefen til ein parkeringsavtale som er lagt fram. Foss har ikkje nokon parkeringsavtale med Reklamehuset. Ut frå det kan det ikkje vere sant det bygnings sjefen hevdar. Vidare påstår han at Foss var kjent med og hadde gitt tilslutning til flyttinga! Kva er grunnlaget for å komme med ein slik påstand?

Dette er berre eit døme på korleis bygnings sjefen behandlar Foss. Eg kunne vise til mange andre eksempel der bygnings sjefen m. a. bygger på kva han trur, kva han antek og kva han har høyrte.

Eit eksempel på å bruke pressa til å komme med urette opplysningar for å rettferdiggjere kommunens handlingar, er eit intervju Lars Johan Haukås har med avisa Strilen 10. mars 2007 under overskrifta:

Håpar på ei løysing

Når han vert konfrontert med påstandane og vert beden om dokumentasjon, svarar rådmannen med ei felles løgn:

Dei punkta De tek opp i brevet har kommunen under handsaming av søknaden om oppføring av næringsbygg på eigedomen dykkar omtala tidlegare.

Eit av svara bygningsssjefen gav i intervjuet var at han hadde inntrykk av at gjerdesaka var i ferd med å løyse seg. I grunngjevinga til utvalet for den lange saksbehandlingstida skriv bygningsssjefen 21.02.2007 følgjande:

Grunna sjukdom og stort arbeidspress har diverre saka hatt lang saksbehandlingstid, noko administrasjonen seier oss lei for.

Slik motstridande grunngjeving går igjen i mange av sakene til Foss.

Etter oppdrag frå Lindås kommune hadde advokatfirmaet Deloitte ein gjennomgang av tre byggesaker for Reklamehuset og ei for Foss. Ved gjennomgang av byggesakene i kommunetyret gjekk Øystein Moldekleiv på talarstolen og sa at han ikkje "forsto ein dritt". Det var ærleg sagt og måtte oppfattast som ein kraftig kritikk til administrasjonen.

Dette at sakene er kompliserte og vanskelege til å forstå går stadig igjen når eg snakkar med politikarar. Det er klårt at det vert komplisert og vanskeleg å forstå når ein les den meldinga ordførar og Tor Hegle la fram på formannskapsmøtet 23.05.2013. Sjølv eg som kjenner alle sakene på fingrane har store problem med det. Alle i formannskapet fekk utdelt meldinga. Eg sender derfor kopi til dei som ikkje har fått den.

Som kommunestyrerepresentant har du eit moralsk ansvar for at dei saker som vert lagt fram og skal voterast over, skal du forstå. Er det noko som er uklårt må

du få dette avklåra med saksbehandlar. Du kan ikkje skjule deg bak at du ikkje forstår saka og dermed stemmer for det framlegget til vedtak som er framsett.

I brevet til ordføraren og i dette har eg sett fram sterke skuldingar mot Lindås kommune. Både du som kommunestyremedlem og ditt parti bør ha interesse av å få dokumentert om skuldingane er reelle. Dersom du eller ditt parti er interessert i det er det berre å ringe tlf. 91787326. Om eg av helsemessige grunnar ikkje er i stand til å kunne svare, vil du få svar av andre som kjenner sakene.

I år etter år har eg jobba med å finne ei minneleg løysing og ordføraren har gitt inntrykk av at også kommunen ville det. No viser det seg at det einaste kommunen er interessert i er å trenera sakene. No har kommunen slått døra igjen og eg må berre beklage at eg har late meg lure. Med så mykje grums som det er i disse sakene er nok ei rettsleg avgjerd den beste. Problemet er at slike saker tek tid og det er vel små utsikter til at eg får oppleve noko resultat.

Med helsing



Bjarne Foss.

Vedlegg: Kopi av

Brev frå ordføraren frå 01.07.14

Brev frå Foss til ordføraren 08.07.14

Avisreferat frå Strilen 18. mai 2013. Uttalelser frå Ordførar

Brev frå Foss til Lindås formannskap 07.03.14 vedk. park.plassar

Utdrag frå saksnr. 234/02

Brev frå ordførar May Eva Sandvik 25.03.14 vedk. park.plassar

Håpar på ei løysing 10. mars 2007 (3 bilag)

Melding frå Administrasjonen til Formannskapet 23. mai 2013.